

Strategiplan Helse og velferd 2022-2030

Kommunedirektøren sitt forslag.



Innhald

Innhald.....	0
1.0 Innleiing	1
Organisasjonskart	2
1.2 Prosess og involvering	2
2.0 Kommunen sin visjon og overordna føringar	3
2.1 Visjon og verdiar	3
2.2 Kommunen sine overordna mål	3
3.0 Mål, føringar og utviklingstrekk for Helse og velferd	4
3.1 Nasjonale planar og føringar	4
3.2 Kommunale mål og føringar	4
3.3. Utviklingstrekk.....	5
4.0 Satsingsområde Helse og velferd	7
4.1 Prioriterte satsingsområde.....	8
4.1.2 Tidleg innsats.....	9
4.1.3 Frivillig innsats og eldresressurs	10
4.1.5. Kompetanse, heiltid og rekruttering	11
Vedlegg:.....	13

1.0 Innleiing

Tenestene i Helse og velferd er i kontinuerleg endring. I Strategiplan for Helse og velferd 2022-2030 er nye reformer, lover og føresegner lagt til grunn for utvikling av tenestene. Strategiplan for Helse og velferd 2022-2030 erstattar strategiplan for Omsorg 2013-2025, og er forankra i kommunen sitt overordna planverk.

Dette er satsingsområda for planperioden

- Brukarmedverknad
- Tidleg innsats
- Frivillig innsats og eldreressurs
- Nye arbeidsmetodar og bruk av ny teknologi
- Kompetanse, heiltid og rekruttering


Tiltaka i planen legg grunnlag for årsplanane i dei ulike verksemdene.

I arbeidet med ny strategiplan har det vore god forankring både internt, eksternt og med politisk leiing. Kommunedirektøren si leiargruppe har vore styringsgruppe og det har vore nedsett ei prosjektgruppe som har arbeidd med planen.

Det har vore god involvering av innbyggjarar, brukarrepresentantar og tilsette i utforminga av planen.

Det vart gjort ein drifts- og ressursanalyse innan omsorg og helse og rehabilitering i 2018-2019. Målet med drifts- og ressursanalysen var å få betre innsikt i korleis kommunen i framtida kan gje gode tenester innafor vedtekne økonomiske rammer. Etter drifts- og ressursanalysen er det iverksett fleire tiltak for å endra retning på tenester for å få meir driftseffektive tenester. Resultatet av drifts- og ressursanalysen og eigen handlingsplan for Meld. St. 15 [Leve hele livet - en kvalitetsreform for eldre](#) tatt med i arbeidet med ny strategiplan.

Organisasjonskart



1.2 Prosess og involvering

Dei fem satsingsområda i Strategiplan for Helse og Velferd 2022-2030 er valde etter innspel frå evalueringa av Strategiplan Omsorg 2013-2025. Det har vore kafé-dialogar med brukar- og seniorråd, utval for Levekår og frivillige lag og organisasjonar. Det har vore arbeid i grupper i alle verksemdene. Avdelingsleiarar, tillitsvalde og verneombod har også vore involverte.

I kafé-dialogane og innspelsmøta har kommunen fått råd om å:

- fremja innbyggjarmedverknaden i tenestene
- involvera innbygarane, sikra at dei veit kva dei kan gjera for å ta ansvar for eigen alderdom
- satsa på velferdsteknologi for å styrka den enkelte innbyggaren sitt forhold til meistring og for meir driftseffektiv drift i tenestene
- prioritera tidleg innsats og førebygging i tenestene
- ta i bruk unyttar ressursar hos frivillige og eldre
- satsa på kompetanseheving og arbeid med heiltid i verksemdene

2.0 Kommunen sin visjon og overordna føringar

2.1 Visjon og verdiar

Time kommune sin visjon, verdiar og hovudsatsingsområde utgjer eit samla fundament for leiarar og medarbeidarar i det daglege arbeidet. Kommunen sin visjon «Trygg og framtidretta» uttrykker eit mål om god livskvalitet for kommunen sine innbyggjarar.


Verdiane «ansvar, engasjement og gjensidig respekt» sett krav til korleis tilsette skal opptre og samhandla med kvarandre og med innbyggjarane. Verdiane er ein grunnmur, eit fundament i det daglege arbeidet og i utviklinga av tenestene.

2.2 Kommunen sine overordna mål

Eit mål i kommuneplanen er at innbyggjarane skal ta eigne grep for å best mogleg kunna meistra eigen kvardag og alderdom.

Kommunen skal og arbeida for å vera ein "Kommune 3.0", som betyr at kommunen fattar slutningar saman med innbyggjar, med fokus på kva ein kan få til i fellesskap.

Utviklinga frå kommune 1.0 og -2.0, til kommune 3.0 er skissert i denne modellen:



Kommunen skal utvikla helse- og velferdstenestene i tråd med behova hos innbyggjarane og levera tenester i tråd med lovar og føresegner.

Satsingsområda skal vera grunnlaget for å møte framtida på ein berekraftig måte, både økonomisk- og fagleg.

Samfunnsdelen i kommuneplanen gjev retning for vegval og prioriterte område i strategiplan Helse og velferd 2022-2030. FN's berekraftsmål er definert i kommuneplanen med desse sju utvalde berekraftmåla:



3.0 Mål, føringar og utviklingstrekk for Helse og velferd

3.1 Nasjonale planar og føringar

Tenesteutvikling skjer som følgje av politiske prioriteringar, nasjonale handlingsplanar og endringar i gjeldande lovverk. Nokre meldingar er sentrale i utarbeiding av strategiplanen:

- [Folkehelsemeldingen Mestring og muligheter, Meld. St. 19](#)
- [Leve hele livet- En kvalitetsreform for eldre, Meld. St.15 \(2017-2018\)](#)
- [Fremtidens primærhelsetjeneste nærhet og helhet, Meld. St 26 \(2014-2015\)](#)

Syner til vedlegga for andre sentrale meldingar, planar og dokument som er grunnlag for utvikling av helse- og velferdstenestene i kommunen.

3.2 Kommunale mål og føringar

Helse og velferd sin visjon «til stades i eige liv», skal vera grunnlag for tenestetildelinga. Innbyggjarane skal få vedtak om tenester som bygger på innbyggjaren sine egne ressursar for å meistra eige liv. Det er ei sentral målsetting at det vert tildelt rett hjelp til rett tid.

Tenestene skal ha god kvalitet, vera heimla i gjeldande lovverk og skal forvaltast innanfor politisk vedtatt økonomiske ramme.

Strategiplan Helse og velferd 2022-2030 tar utgangspunkt i ”Kommune 3.0”. Kommunen skal leggja til rette for samspel med innbyggjarane, der målsettinga er å utvikla eit godt tenestetilbod. Strategiplan for Helse og velferd 2022-2030 viser tiltak som styrker alle trinna i tenestetrappa i BEON- modellen. BEON er ei forkorting som tyder «beste effektive omsorgsnivå».

Tenestetrappa etter BEON-modellen



I planstrategien 2019-2023, er det vedtak om å revidera eller utarbeida desse planane i Helse og velferd:

- Strategiplan omsorg 2013-2025
- Habilitering og rehabiliteringsplan
- Handlingsplan for velferdsteknologi med tiltakskort
- Meld. St. 15 [Leve hele livet - en kvalitetetsreform for eldre](#)
- Handlingsplan for Demens

3.3. Utviklingstrekk

Det vil dei neste åra vera vekst i talet på eldre innbyggjarar i kommunen. Ny teknologi og kunnskap og nye medisinske behandlingmetodar gjer at fleire overlever alvorleg sjukdom og kan leva lengre med kroniske sjukdommar. Desse utviklingstrekk vil gje auka behov for ressursar i helse- og velferdstenestene, og vil auka krav til kompetanse og leing som vektlegg fornying og samhandling i tenestene.

Innbyggjarar som mottek tenester frå spesialisthelsetenesta vert utskrivne tidlegare enn før og fleire behandlingar vert gjorde poliklinisk i sjukehus. Helse Stavanger planlegg for meir poliklinisk behandling og kortare behandlingstid når første byggetrinn av nytt sjukehus står klart i 2024. Dette gjev auka behov for rehabilitering, medisinsk og sjukepleiefagleg oppfølging i kommunen. Dette vil setta endå større krav til tenesteytinga og leing i Helse og velferd, som samtidig skal arbeida meir systematisk med førebygging og tidleg innsats, jamfør det lågaste trappetrinnet i tenestetrappa.

Auken i omsorgstenestene dei siste ti-åra har og vore knytt til yngre brukarar med ulike tenestebehov. Kommunen har fått fleire oppgåver knytt til innbyggjarar med utfordringar innan psykisk helse og rus. Spesialisthelsetenesta har redusert antal døgnplassar i psykiatri og rusbehandling. Det gjer at fleire innbyggjarar med rus og psykisk helse-utfordringar treng meir omfattande tenester frå kommunen. I tillegg aukar tenestebehovet til yngre personar med utviklingshemming fordi dei som resten av befolkninga lever lengre enn tidlegare.

Det vil i dei komande åra vera eit auka behov for kvalifisert helsepersonell. For å møte denne utfordringa vil det vera nødvendig for kommunen å ta i bruk nye måtar å arbeida på.

Organisatoriske endringar og utvikling av nye tenestemodellar vil og verta viktige element for å møte dei demografiske utfordringane knytt til stadig auke i den eldre befolkninga. Den demografiske utviklinga er vist til i tabell for framskriving:

Alder	Pr. 31.12	Framskriving				Auke i %	Auke i %
	2021	2022	2026	2030	2 033	2021-2026	2021-2033
0-2 år	682	691	707	735	761	3,6 %	11,5 %
3-5 år	766	736	739	750	772	-3,5 %	0,8 %
6-12 år	1 988	1 973	1 832	1 790	1 837	-7,8 %	-7,6 %
13-15 år	811	861	868	836	791	7,0 %	-2,4 %
Sum 0-15 år	4 247	4 260	4 145	4 110	4 161	-2,4 %	-2,0 %
16-19 år	969	979	1 182	1 172	1 148	22,0 %	18,4 %
20-66 år	11 575	11 731	12 253	12 940	13 385	5,9 %	15,6 %
Sum 16-66 år	12 544	12 710	13 435	14 112	14 533	7,1 %	15,9 %
67-79 år	1 853	1 926	2 186	2 373	2 493	18,0 %	34,5 %
80-89 år	585	603	755	930	1 073	29,1 %	83,4 %
90 år og over	124	136	166	187	223	34,0 %	80,0 %
Sum 67 år +	2 562	2 665	3 107	3 491	3 789	21,3 %	47,9 %
Sum	19 353	19 636	20 687	21 713	22 483	6,9 %	16,2 %

Kjelde: Kommunane sitt plan- og analysesystem (KOMPAS)

Framskriving demografisk utvikling 2021-2033

Nokre av hovudutfordringane vil vera å sikra tilpassa bustadar for personar med funksjonsnedsettingar og personar med rus- og/eller psykiske helseutfordringar, som vist i Bustadplan 2020-2040.

Talet på eldre innbyggjarar i sterk auke dei komande åra. Det er derfor forventa at kommunen får fleire innbyggjarar med demenssjukdom. [Demenskartet – Aldring og helse](#) viser til at det i 2025 vil vera omlag 350 personar med demenssjukdom i kommunen. Dette utgjer ein auke på ca. 65 personar, eller 23,5 %, samanlikna med 2020.

I helse- og velferdstenestene er velferdsteknologiske løysingar ein del av tenestetilbodet. Dei komande åra skal kommunen breia ut dei teknologiske løysingane og samtidig ta i bruk nye. Det skal gje tryggleik og meistring til innbyggjarar med behov for helse- og velferdstenester og tilbod om å kunna bu heime, eller i tilrettelagt bustad, så lenge som mogleg.

Fleire eldre lever aktive liv, dei vil bu i eigen heim og råda over eige liv lengst mogleg. Kommunen må vera open for nye idear og ta i bruk nye arbeidsmåtar for å møta innbyggjarane sine forventningar. Samtidig vil det verta viktig å avklara kva som skal vera kommunale oppgåver og kva som skal vera innbyggjaren sitt eige ansvar. Helse og velferd har ein eigen plan for korleis me skal arbeida med å ta i bruk ny teknologi.

4.0 Satsingsområde Helse og velferd

Strategiplan Helse- og velferd bygger på satsingsområda som kom fram i evalueringar av Strategiplan Omsorg 2013-2025. Oppsummeringa viser at det må leggest til rette for at innbyggjarane kan nytta eigne ressursar for å meistra kvardagen. “ Kva er viktig for deg? ” vil vera eit viktig utgangspunkt i møte med den enkelte innbyggjar.

Samfunnsdelen i kommuneplanen skriv om fire fokusområde som skal gjelda for alt planverk

- Me skal gjera det i lag
- Gode kvardagsliv for alle
- Bryne - byen på Jæren
- Saman mot eit grønare samfunn.



Både folkehelse og innovasjon skal vera gjennomgåande tema i alle planar i Time kommune. Som det er gjort greie for i føregåande kapittel, vil ein viktig strategi for Helse og velferd vera å dreia tenestene til større grad av førebyggjande tiltak og tidleg innsats. Kommunen skal støtta opp om viljen og evna til å ivareta eiga helse, og tenestene skal i størst mogleg grad vera tilpassa den enkelte.

4.1 Prioriterte satsingsområde


Kommuneplanen sin samfunnsdel, og utfordringsbildet for Time kommune, er utgangspunkt for satsingsområda i Helse og velferd:

Det har vore brei deltaking og involvering i evalueringa av Strategiplan Omsorg 2013-2025" til stades i eige liv", og i utarbeidinga av nye satsingsområde til revidert Strategiplan Helse og Velferd 2022- 2030.

Det har vore arrangert kafédialogar med Senior- og brukarrådet og med Utval for Levekår i tilknytning til arbeidet med drifts- og ressursanalysen frå Agenda Kaupang.

Det har vore arrangert gruppearbeid saman med tilsette i alle verksemder, der forskjellige dialogverktøy har vore nytta for å sjå på prioriteringar og oppgåveløysing i verksemdene. Alle verksemder har gjeve innspel til nye satsingar og løysingar for framtida.

Satsingsområda



4.1.1 Brukarmedverknad

Overordna mål

Tenestene vert utforma i lag med innbyggerane



Me vil

- at brukar påverkar eigen kvardag og utforminga av tenestetilbodet
- leggja til rette for meistring og hjelp til sjølvhjelp
- ha eit godt samarbeid med brukarar og deira pårørande
- skapa fleire arenaar der brukarar i same situasjon kan møtast, fleire møtestadar for innbyggjarar i same livssituasjon

Me skal

- leggja vekt på ”kva er viktig for deg?” i all tenestetildeling
- ta initiativ til samhandling med pårørande og andre innbyggjarar sine nettverk
- samarbeida med frivillige- og brukarorganisasjonar
- fremja likepersonsarbeid
- synleggjera eksisterande arenaer og gruppetilbod som bidreg til læring og samarbeidsrelasjonar
- involvera innbyggjarar og brukarrepresentantar i planarbeid, nytenking og utviklingsarbeid
- Samarbeida med lokalt næringsliv for å få gode bustadløyisingar for eldre i sentrum.

4.1.2 Tidleg innsats

Overordna mål

Innbyggjaren får dei rette tenestene til rett tid



Me vil

- leggja til rette for at innbyggjarane har ein trygg og god kvardag
- satsa på tidleg innsats og førebygging
- sikra rett kompetanse på rett stad til rett tid
- involvera pårørande tidleg

Me skal

- samarbeida med pårørande, brukarar, fagpersonar og aktuelle nettverk
- ha tette tverrfaglege samarbeid internt i kommunen
- bruka fastlagde rutinar i samarbeid med spesialisthelsetenesta

<ul style="list-style-type: none"> • ha gode og tilpassa tilbod om avlasting • at kosthald og fysisk aktivitet skal vera sentralt i eit livsløpsperspektiv • ha gode overgangar imellom interne- og eksterne tenester, for eksempel spesialisthelsetenesta 	<ul style="list-style-type: none"> • gjennom dialog med innbyggjarar avklara forventingar til tenestetilbodet • nytta tverrfagleg kompetanse for å sikra at tenestene er meistringsbaserte • utarbeida pårørandestrategi som i varetek pårørande i alle aldersgrupper • nytta klinisk ernæringsfysiolog og andre ressurspersonar i ernæringsarbeidet • arrangera årlege seminar for pensjonistar • følgja opp Bustadplan 2020 - 2040
---	--

4.1.3 Frivillig innsats og eldreressurs

Overordna mål

Time kommune er ein attraktiv arena for frivillige



<p>Me vil</p> <ul style="list-style-type: none"> • rekruttera fleire frivillige i alle aldersgrupper og mobilisera eldreressursen • vera ein god samarbeidspartnar for organisasjonar og næringsliv • ha avklarte oppgåver og ansvar mellom frivillige og helse- og velferdstenestene 	<p>Me skal</p> <ul style="list-style-type: none"> • sikra god informasjon og opplæring til alle som vil vera frivillige • samarbeida med frivilligkoordinator • leggja til rette for sosiale møteplassar for frivillige • arrangera årleg kafédialog • greia ut moglegheiter for å ta i bruk digitale verktøy i arbeid med frivillige
---	---

4.1.4. Nye arbeidsmetodar og bruk av teknologi

Overordna mål

Helse og velferd skal ta i bruk ny teknologi



<p>Me vil</p> <ul style="list-style-type: none"> • at ny teknologi og nye måtar og arbeida på skal vera godt forankra hos alle tilsette • at innbyggerane og tilsette skal oppleva tryggleik i møte med teknologi • digitalisera arbeidsprosessar knytt til tenestene 	<p>Me skal</p> <ul style="list-style-type: none"> • ta i bruk teknologi som gjev innbyggerane auka grad av å vera sjølvstendig • auka den digitale kompetansen hos tilsette • styrka samarbeid med universitet, forskingsmiljø og næringsliv • delta i interkommunale nettverk for velferdsteknologi
---	---

4.1.5. Kompetanse, heiltid og rekruttering

Overordna mål

Helse og velferd har rett kompetanse, ein heiltidskultur og er ein attraktiv arbeidsplass i regionen.



<p>Me vil</p> <ul style="list-style-type: none"> • avklara behov for kompetanse i dialog mellom tilsette og leiarar • søka tilskotsmidlar til kompetanseheving • tilby tilsette relevante kurs og vidareutdanningar, jf. intern kompetanseplan • at alle tilsette og leiarar bidreg til forbetring i tenestene • at kompetanse vert nytta på tvers av verksemdar og avdelingar 	<p>Me skal</p> <ul style="list-style-type: none"> • følgja kompetanseplanen og vera pådrivar for at tilsette får relevant vidareutdanning leggja til rette for interne kurs og fagsamlingar • laga eigne mål og tiltak i avdelingane for korleis ein kan nå høgare gjennomsnittleg stillingsstørrelse • følgja opp heiltidserklæringa • ha gode stipendordningar og ha tilbod om praksis- og læreplassar
--	---

- | | |
|--|--|
| <ul style="list-style-type: none">• at heiltidsstillingar skal vera hovudregelen for tilsette i Helse og velferd | |
|--|--|

Vedlegg:

- [Meld.st. 47 \(2008-2009\) Samhandlingsreforma](#)
- [Nasjonal helse-og omsorgsplan \(2011-2015\)](#)
- [Demensplan 2025](#)
- [Opptappingsplan](#) for habilitering og rehabilitering (2017-2019)
- [Opptappingsplanen](#) for rusfeltet (2016-2020)
- [Mestre hele livet](#) - Regjeringas strategi for god psykisk helse (2017-2022)
- [Bolig for velferd](#) - Nasjonal strategi for boligsosialt arbeid (2014-2020)
- [Veileder](#) om kommunens oppfølging av pasientar og brukarar med store og samansette behov (2017)
- [NOU:2011:11](#) Innovasjon i omsorg
- Forskrift om [ledelse og kvalitetsforbedring i helse og omsorgstjenestene](#)
- [Handlingsplan for allmennlegetjenesten 2020- 2024](#)
- [Gode helse- og omsorgstjenester til personer med utviklingshemming](#)
- [Drifts- og ressursanalyse.pdf](#) Drifts- og ressursanalysen Omsorg (2018) av Agenda Kaupang
- [Heiltidserklæring](#) (2019)
- [Folkehelsemeldingen Mestring og muligheter, Meld. St. 19](#)
- [Leve hele livet- En kvalitetsreform for eldre, Meld. St.15 \(2017-2018\)](#)
- [Fremtidens primærhelsetjeneste nærhet og helhet, Meld. St 26 \(2014-2015\)](#)
- [Organisasjonskart – administrativ leiing](#)